



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF

5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55

TELEFAX 56 35 28 00

Bogevik Lindbjørg

5156 VÅGSEIDET

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 10.07.97

**SAK 21/97 SKODVIN SKULE - AVTALE OM KJØP AV GRUNN TIL UTVIDING
AV SKULEPLASSEN.
LINDBJØRG BOGEVIK - EIGAR AV GNR.94 BNR.2.**

Saka er handsama av teknisk sjef etter fullmakt frå rådmannen.

Saksdokument (ikkje vedlagt):

1. Avtale om kjøp av grunn.

Saksutgreiing:

I samband med tilrettelegging av 6-årsreforma er det behov for utvida leikeareal ved Skodvin skule, og det er inngått avtale med Lindbjørg Bogevik om kjøp av eit areal på omlag 1800 m² og til ein pris på kr.13.- pr.m².

Vurdering:

Avtalen er innafor det prisnivå som er normalt i kommunen.

Vedtak:

Avtale med Lindbjørg Bogevik, eigar av gnr.94 bnr.2 i Lindås, vert godkjent. Kostnaden med grunnkjøp og overdragning vert å dekka av post 210 403 Skodvin skule.



Kåre Jordal
teknisk sjef

A V T A L E

Mellom Lindås kommune ved rådmannen og
Lindbjørg Boeveik, 5156 Vågseidet, eigar av gnr.94, bnr.2
i Lindås kommune er inngått slik avtale:

1. Lindås kommune får rett til å kjøpa eit tilleggsareal til
til Skodvin skule, storleik omlag 1800m², slik dette er
vist på kartskisse datert 28.april 1996.
2. Vederlaget for arealet vert fastsett til kr.13.- pr.m²
og endelig oppgjer finn stad etter oppmåling og mot
underskrive skøyte.

Påståande skog vert betalt etter takst.

Kommunen set opp gjerde i ny eigedomsgrense og har
gjerdeplikta her.

Lindås kommune ber kostnadene med oppmåling og
overdraging av arealet.

3. Lindås kommune får med dette fullmakt til å søkja om
frådeling og kartforretning over arealet.
4. Dersom tomta vert nytta til andre formål enn skule e.l.
skal den falla tilbake til hovudbruket utan kostnad.
5. Denne avtalen er sett opp i to eksemplar , ein til kvar
av partane.

Skodvin/Isdalstø *30/4* 1997.

Lindbjørg Boeveik
Lindbjørg Boeveik
eigar av gnr.94, bnr.2 i Lindås

Hunt Anthoy
Rådmann